



Kva er sanninga om Haglebu? 22.4.95

Den 20. desember 1994 skreiv eg ein artikkel i Hallingdølen om «Elg»-basen i Vassfaret. Der skreiv eg også om det som hende ved Haglebu. Det har ført til fleire reaksjonar. Den 23. mars utfordra Lars Reiemark meg til å komme med betre dokumentasjon. Det hadde eg tenkt å vente med til etter frigjøringsjubileet. Men i dag, den 18. april, kjem general Strande med nye utfordringar. Difor må eg likevel svare. Eg skal prøve å gjere det kort. Så får ei breiare utgreiing vente til seinare.

To feil

Først skal eg innrømme to feil: Jens Chr. Hauge har vore både forsvarsminister og justisminister. Det er forsvarsministeren som kan gjere folk til generalar. Det vart lagt merke til at det tok så lang tid før Strande, som hadde høg militær utdanning, vart forfremja. Nå skriv Strande at han alltid har hatt det beste tilhøvet til Hauge. Likevel kan vi i boka til Strande, til dømes på side 87, sjå at han gir Hauge fleire små «spark». Mitt poeng med å trekke fram dette, er å vise at motsetninga mellom Elg og Milorg kom til uttrykk på alle nivå, frå dei lokale gruppesjefane til Milorgsjefen.

På militærspåket skal ein dessutan ikkje snakke om «å avsette». Det er meir korrekt å seie at Strande vart «fråbeordra» som leiar av Elg. Når Hauge tok frå Strande kommandoen, greip han inn i den striden som hadde oppstått mellom Milorg og Elg. I den striden vart Elg og Strande til slutt den tapande parten. Avgjerda skjedde med tilslutning frå overkommandoen i London. Fortelt augevitne alltid sanninga?

Då eg begynte på oppgåva med krigsboka for Hallingdal, trudde eg på historia til løytnant Holst og general Strande. Eg trudde at når ein løytnant eller ein general skriv at fienden disponerte ein styrke på 120 mann, slik Holst og Strande har skrive fleire stader, så betyr det «omtrent 120 mann». Når dei skriv at fienden hadde «29 falne» og 30 såra, så betyr det nøyaktig 29 falne. Elles hadde dei skrive «ca. 30 falne». Eg trudde også at det var i nærleiken av sanninga det som løytnanten ved Haglebu sjølv har skrive, at alle fiendesoldatane på 120 ville ha vorte «utryddet», det vil seie drepne eller såra, dersom kampen hadde halde fram ein halv time til. Det er denne versjonen som nå står i mange bøker, også i bøker som må reknast som standardverk. General Strande skal også etter det eg har høyr, ha gitt denne versjonen i eit fjernsynsprogram for få månader sidan. Nå nyleg dukka historia opp att i eit radioprogram med Yngvar Ustvedt.

Men så finn eg, gjennom kjeldegranskningar og samtalar, at fienden stilte med knapt 50 politisoldatar ved Haglebu. Om lag halvparten var norske og halvparten tyske. Talet på falne politisoldatar var sju, fire tyske og tre norske. Talet på såra var seks. Av dei falne vart ein likvidert etter at han hadde gitt seg over som krigsfange til norske heimfrontsoldatar i uniform. Dessutan vart to hirdmenn skotne frå bakhald under ei patrulje lengre nede i bygda.

Veit ikkje Reiemark dette? Reiemark treng ikkje tru på det eg skriv. Men då bør han prøve å finne ut sjølv. Kravet til dokumentasjon gjeld ikkje berre

denne forfattaren. Det er ikkje så vanskeleg. Namna på dei døde finst. Det står namn på gravene deira. Dei fire tyskarane er gravlagde på Alfaset ved Oslo. Dei heitte Josef Horner, Rudolf Kastner, Franz Buchel og Erick Grunert. Når det gjeld namna på dei tre eller dei fem norske, er det visst ennå ikkje god skikk å nemne dei. Eg kjenner altså namnet på ni falne i Eggedal. Kvar er dei 20 andre? Kvar er gravene deira?

Om Reiemark ikkje kjenner sanninga om dei falne ved Haglebu, trur eg at løytnanten og generalen må ha gjort det. Kvifor har ikkje dei fortalt folket sanninga? Og kvifor har dei forsvart at norske heimfrontfolk skaut krigsfangar i uniform? Strande, som er general, kjenner vel dei internasjonale konvensjonane for krigføring. Han kan forklare folk korleis dette heng saman.

Er det meir som ikkje stemmer?

Soldatar, levande og døde kan teljast. Når slikt som kan teljast er gale, er det kanskje meir som ikkje stemmer?

I det siste innlegget sitt harseleerer Strande over at eg er ein dårleg tankelesar når eg skriv at han var inne på tanken å avsette Holst og sette Leif Levorsen inn i staden. Sanninga er heller at Strande ikkje lenger bør stole på minnet sitt i slike saker. Eg har faktisk gått gjennom dei viktigaste dokumenta om Elg i arkiva. I ein rapport som Strande skreiv den 10. mars 1945 heiter det i den engelse versjonen: «He (Leif Levorsen) is Ola Lien's (Peter F. Holsts) assistent in B.A.4 and it is mainly due to him that the preparations there

are well advanced. I have even considered the changing of Lt. Ola Lien with him». På forenkla norsk betyr det at Strande meinte det skuldest Leif Levorsen at arbeidet i BA 4 hadde vist så god framgang, og at han hadde hatt i tanken å sette Levorsen inn som leiar i staden for Holst. Ein annan stad skriv Strande at han var klar over at Holst hadde vanskeleg for å komme ut av det med sine underordna, og at det skuldest at han var ung og at han mangla militær erfaring. Eivind Snersrud, som sjølv var militær, har også uttrykt seg svært kritisk om framferda til leiarane i Elg.

Dei forholdsordrane som heimestyrykane fekk frå London, er presisi omtala til dømes i Jens Chr. Hauges bok «Frigjøringen». Dei harmonerer ikkje med det som hende ved Haglebu. Hadde Elg andre ordrar å halde seg til enn Milorg? Kva fullmakter hadde Strande som til dømes fekk han til å sende ut forholdsordrane «Lysgranaten» og «Pepperbøssen»? I følgje desse skulle heimestyrykane planlegge å likvidere hundrevis av norske nazistar og tyske vaktmannskap i april 1945. Hauge greip inn og stansa desse aksjonane fordi dei var i strid med norske og allierte interesser. Knut Møyen, ein Milorg-veteran med autoritet, som ei tid oppheldt seg i Vassfaret saman med Strande, har i ein rapport skrive at Strande hadde ei anna oppfatning enn Milorg-leiinga om kva forholdsordrar som skulle gjelde i sluttfasen av krigen. Han spør seg om Strande hadde ordrar å halde seg til. Mange ser fram til at Strande ville hjelpe til med å avklare kva som ligg i dette.

Vidare har eg lese dei telegramma som kom til leiinga for BA IV.

Dei ber Holst unngå kamp. Likevel posisjonerte han mannskap til strid, og det var Holst sine menn som først opna eld. Eg har lese Strandes bok. Her er det ein ropande kontrast mellom planane frå London og det som faktisk vart gjennomført. Kvifor gjekk det ikkje som planlagt?

Rekka av spørsmål kan gjerast lang, nesten uendelig. Kvifor er ikkje desse spørsmåla eit problem for andre enn for meg? Kvifor er dei ikkje eit problem for Reiemark og for Strande?

Kven kan fortelje sanninga?

Eg har håpa at ansvarlege personar ville fortelje folket kva som verkeleg hende ved Haglebu. General Strande kan gjere det. Leiinga ved Heimfrontmuseet kan gjere det. Det vil også hjelpe om meir autoriserte krigshistorikarar enn eg begynner å interessere seg for emnet. Før folk får vite sanninga om Haglebu, vil hendingane der halde fram med å kaste ein skugge over freden.

Elles ser eg fram til at Reiemark skal anmelde boka når ho kjem, slik han har lova. Boka har 39 kapittel. Kapitlet om Elg er berre eitt av dei. Eitt kapittel handlar om «slaget ved Gulsvik». Der vart det fortalt historier om 368 falne tyskarar. Det har vore nemnt tal heilt opp mot 600. Treng vi slike historier som bakgrunn for å feire freden? Talet på falne fiendar ved Gulsvik var fem. - Å skrive krigshistorie er ikkje lett!

Gol den 18. april 1995.
Kåre Olav Solhjell.